
Fra: Trude Bruket <trudebruket@gmail.com>
Sendt: onsdag 28. februar 2018 13.48
Til: Postmottak Lindås; post.vest@politiet.no
Emne: Uvettig testing av bilar som er på verkstad i Isdalstøbakken

Til rette vedkommande i Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt.

Eg - og naboar eg har snakka med - har lenge sett med uro på Alversund Auto AS (BilXtra) i Isdalstøbakken si uvettige testing av bilar dei har inne på verkstaden. Dei køyrer opp og ned øvste del av Isdalstøbakken for å testa bilane, ofte i svært høg fart for å testa bremsene t.d. Isdalstøbakken er no midt i eit bustadområde, der stadig fleire barnefamilier bur. Her er 30 km-sone, men det tek ikkje dei som arbeider på verkstaden omsyn til. Eg (og naboar) har vore og snakka med dei direkte om dette, og bede dei køyra ut på hovedveg for å testa bilane, ikkje gjera det i vår gate, der ungar spring fram og tilbake på besøk til kvarandre m.a. Den eg snakka med sa han skulle ta dette vidare, men praksis vert ikkje endra. Eg har tidlegare ringt til lensmannskontoret og snakka med ein betjent som sa han kjente til problemet, og at politiet skulle "snakka med dei." Om det vart gjort (det er sikkert halvanna år sidan) veit eg ikkje, men uansett så har verkstaden halde fram med denne farlege praksisen. Eg ber med dette kommunen og politiet om å ta tak i saka, og at rette instans kan gjera noko som monnar i denne saka. Det er uholdbart slik det er i dag. -Eg har også formidla til kommunen ved fleire høve (gjennom innspel til utbyggingsplanar m.a.) at det generelt er mykje trafikk med alt for høg fart i Isdalstøbakken. Her er openbert ein dårleg kultur - som kanskje heng att frå då vegen var fylkesveg.

Eg ber om tilbakemelding om kva tiltak som vert gjort som følgje av denne henvendelsen.

M.v.h. Trude Bruket
Isdalstøbakken 55A
5916 Isdalstø
mobil: 97019893